

Kampen om lønnsnivået for jordbruksarbeidarane toppa seg i 1938 og 1939, som var to store streikeår med til saman ein million tapte arbeidsdagar i landbruket. Dette utgjorde 70 prosent av alle tapte arbeidsdagar ved streik i desse to åra. På flatbygdene vart det raskt krise når omnele ikkje vart gjorde og kyrne ikkje vart mjølka fordi fjøsrøktarane streika. Den siste av desse streikane tok ikkje slutt før 9. april 1940, da Skog og Land meldte frå tilmeklingsmannen om at streiken som hadde vore i gang, no var heva «på grunn av den inntrådte situasjon». <sup>23</sup> Da var kampen for organisasjonen rett for lengst vunnen.

I dag kan det vera vanskeleg å skjønna dei klassemotsetningane og det klassehatet som rådde i bondesamfunnet i mellomkrigstida. Størst var nok desse konfliktane på Tøten og Iskogs- og flatbygdene i Hedmark, men også i Nord-Gudbrandsdalen kunne klassehatet flamme, slik Tor Jonsson skreiv:

I årevis møtte eg berre svarte og kvite menneske. Alle som hadde det betre enn meg var svarte. Dei som måtte slite for kvar matbit var kvite. Svartast var dei som hadde arbeidarat under seg, om det så var ein arbeidsbrotten bonde-l...! Ein bonde med fem kyr høyrde djevleheren til. Vi som las revolusjonære skrifter etter ein lang arbeidsdag, var englar og ein gong når tida var fullkomen, skulle vi hauste den herlege frukta dei kalla fri-dom. <sup>24</sup>

Tor Jonsson uttrykkjer her ei felles generasjonserfaring hos eigedomslaus bygdeungdom frå mellomkrigstida. Denne erfaringa lever vidare, særleg hos eldre folk med bakgrunn i små kår på bygdene, som grunnlag for misfun og mistanke mot bønder og det bondske.

## LANDBRUKETS FORSVARSKAMP

Jordbruket og bygdene sto i heile mellomkrigstida i ein forsvarsposisjon imot bysamfunnet og industriinteressene. På mange måtar var det ei næring på vikande front, der industrien som den viktigaste næringa hadde tatt over det ideologiske hegemoniet. Det var sterk ideologisk og politisk usenje bønder mellom om korleis ein skulle takle dei store utfordringane. Bondesamfunnet hadde lenge vore under press, både innanfrå og utanfrå. Det indre presset var i stor grad eit befolkningspress, som på 1800-talet hadde vorte letta ved utvandring til Amerika og dels ved flytting til byane og det indre landnåmet nordover. Dei mange nye sjølvveigarbruka var òg ein sosial veneti som letta det indre presset på 1900-talet.

Det ytre presset, først og fremst representert ved prispress på grunn av aukte konkurranse, prøvde ein i stigande grad å løyse ved organisert politisk motstand imot marknadsliberalismen. Bøndene miste økonomisk og sosial status, og dei såg korleis andre grupper vann fram ved å organisere seg for å slåst for interessene sine. Men bøndene var ikkje samde om korleis dei skulle tenkje, og korleis dei skulle handle. Dei som hadde vore markerte bondeleiarar før 1920, var mest opptatt av å reise kravet om kontroll. Desutan var der ein kulturkonflikt mellom bondesamfunnet og industrisamfunnet med den organiserte arbeidarrørsla. Det var ei kjensle av at heile bondesamfunnet sto overfor ei avgjerande prøve. Dette trugsmalet som bøndene opplevde, fekk mange av dei til å bli antisosialistar, og dei forskansa seg i bonderørsla.

Fremst i kornfylkinga sto Norsk Landmandsforbund, etablert i 1896 som fagleg organisasjon, men frå 1920 også organisert som politisk parti. Frå 1922 vart namnet endra til Norges Bondelag ved at den partipolitiske delen formelt vart skild ut som Bondepartiet. Kampen for «tollpolitisk likestilling» var den fremste kampsaka, og dette var ikkje noen enkel kamp. Kontroll mobiliserte mest berre på Austlandet og i Trøndelag, og vekte motstand både i Arbeidarpartiet og på borgarleg side, særleg i Venstre. Høgre femna på den tida i stor grad dei konservative bøndene, og partiet var venleg innstilt til Landmandsforbundet. Imot desse «muldens menn» mobiliserte dei unge agronomane, som ville føre bondereisinga over i eit nytt parti.<sup>1</sup> Mens formannen i Landmandsforbundet, høgremannen og hedmarksbonden Johan E. Melbye, var leiart for kornidealisme, var Peder Kolstad, seinare statsminister for Bondepartiet, ein av dei leiande blant dei meir pragmatiske agronomane. Tollpolitisk likestilling vart fane-sak nummer ein for kornfløya, mens arbeidet for mjølkesentralar og omsetningslov var ei tilsvarande fanesak for pragmatikarane.

For krisen rundt Melbye var bondesaka ei ideologisk reising, eit for-svar for bondesamfunnet imot det veksende overraktet industrisamfunnet hadde. Kornsaka hadde eit økonomisk mål, men ho var òg eit politisk middel for å gjennreise respekten for verdien av dyrka jord og arbeidet på jorda. Kampen for bureisinga var ei av dei andre fane-sakene i den same kampen. Her sat også Melbye sentralt, som formann i Ny Jord frå starten i 1908 og heilt fram til 1948.

### Kampen for tollpolitisk likestilling

Kornfløya prøvde å mobilisere bøndene som klasse. I den ideologiske kampen for å betre posisjonen for landbruket i samfunnet søkte bondeleiarane i første omgang alliansar til høgre. Både forsyningskrisen

under første verdenskrigen og den russiske revolusjonen fekk politiske ringverknader. Det kom til fleire tilspissa konflikhtar i bygdesamfunnet, slik vi har sett i arbeidskonfliktane. Til dette kom den eldre motsetninga mellom dei som eigde mye jord, og dei som hadde lite eller inga jord. Ei konfliktlinje i kornsaka gjekk mellom dei som produserte korn for sal, og dei som berre produserte til eige bruk eller ikkje dyrka korn i det heile. Dei bøndene som sjølve måtte kjøpe matmjøl, i dalane og vest- og nordpå, sto mot dei kornproduserande bøndene på Austlandet og i Trøndelag. Når kornfløya i Landmandsforbundet ville prioritere kampen for tollmessig likestilling, var det i dei eigeninteresse, men ikkje i samsvar med interessen til det store flertallet av jordbrukarar utover landet.

Etter forsyningskrisen under krigen vart det lettare å reise tollpolitiske krav. To slike krav vart reiste av Landmandsforbundet i 1915: glide-toll og kornmonopol. Glidetollen skulle jamne ut prisen mellom norskprodusert og innført korn. Kornmonopolet på import av matkorn skulle i tillegg garantere avsetning av alt norskprodusert korn. Men eit problem som sto att, var korn produsert til eige bruk, som galdt mange bruk i dalane, langs kysten og i Trøndelag. Kornskuttralet i Norges Bondelag arbeidde seg gradvis fram til ei løysing og foreslo i 1923 *korntrygd*, eit tilskott for alt norskprodusert korn.<sup>2</sup> Dermed hadde linja til nordmøringen Ole Glærum sigra over linja til hedmarkingen Johan E. Mellbye, og striden mellom sjalskornbønder og dei som berre dyrka korn til heimebruk, vart løyst. Korntrygda ville koste lite, så lenge den norske produksjonen berre var 3–4 prosent av importen.

Kornspørsmålet var ved sida av jordsaka den store jordbrukspolitiske konflikten i tveåra.<sup>3</sup> Det utvikla seg til ein kraftig partipolitisk strid, og det viktigaste spørsmålet var kva rolle staten skulle spela. Venstre ville gjera det mellombels kornmonopolet til staten frå krigsåra varig, og foreslo regulering av importen og statleg kjøpeplikt for alt norsk korn. Høgre var imot kornmonopol, men gjekk inn for verneroll. Bondepartiet gjekk som Høgre inn for kontroll, og tollmektene skulle gå til korntrygd for å støtte norsk dyrking. Arbeidarpartiet ville halde på kornmonopolet, men var imot korntrygd og kontroll, som dei kalla «kakserygd» og «maforydning». Forklaringa på dei ulike standpunkta til partia finn ein i den sosiale forankringa dei hadde. Arbeidarpartia var eit reint forbrukarparti. Venstre ville fenne både forbrukarar og produsentar, og sto sterkt i dei bygdene der det meste av kornet gjekk til heimebruk. Høgre og Bondepartiet var rivalar om bondestemmen i kornbygdene.

Men kornmonopolet frå krigsåra vart ståande, og i ein hestehandel for å få til regjering saman med Bondepartiet i 1924 gjekk Høgre med på å innføre korntrygd. Samtidig vart det innført kontroll, og monopolet skulle avviklast, men først i 1927. Den målsettinga Landmandsforbun-



Åsel Revola: Kornimport. Utkast til ferskodeskorasjon i Bergen Børs (1922)

det hadde om tollpolitisk likestilling, var dermed oppnådd. Men Arbeidarpartiet gjekk sterkt fram ved valet hausten 1927 og fekk fleirtal på Stortinget saman med Venstre. I 1928 gjekk dei to partia saman og innførte eit varig statleg kornmonopol. Korntrygda vart ståande, trass i at ho vart stempla som «graupremie» av Arbeidarpartiet og kommunistane. I tillegg kom eit tilskott på leigemaling av korn til eige bruk ved bygdemøllene.

Til å administrere den nye kornordninga vart Statens kornforretning oppretta frå 1929, som avslutning på ein manskaldar med politisk strid. På det importerte kornet vart det lagt ei avgift som skulle gå til å støtte innanlandsk produksjon. Dei private kornkjøparane og møllene vart gjorde til ein del av systemet, etter avtale med Statens kornforretning. Bøndene skulle selja kornet til Kornforretninga til ein pris som låg over prisen på verdemarknaden. Denne overprisen skulle stimulere til innanlandsk

kornproduksjon. For korn som vart nytta til mjøl i eige hushald eller som fôr til eigne dyr, vart det betalt eit mellomlag: korntrygda. Korntrygda skulle fastsettast slik at ho stimulerte til å bruke korn av eigen produksjon framfor innkjøpt fôrkorn. På det viset vart det ei utjamning mellom dei bøndene som dyrka til eige bruk, og dei som dyrka for sal.

Kornmonopolet førte til ein sterk auke i produksjonen av norsk kveite til matkorn, frå kapt 20 000 tonn sist i 1920-åra til 78 000 tonn i 1939.<sup>4</sup> For bygg og havre var det mindre endringar. Produksjonen av rug derimot, som fram til 1920 hadde vore større enn kveiteproduksjonen, gjekk sterkt attende. På grunn av endringar i forbruksmønster forsvann produksjonen av rug til folkemat nesten heilt i løpet av 1930-åra.<sup>5</sup> Symbolisk kan vi sjå dette som ei modernisering, frå rugproduksjon til *brunt rugbrød*, til produksjon av kveite til *kvitt brød*. For bygg og havre fekk korntrygda mye å seia, og produksjonen heldt seg oppe, sjølv om arealet til desse kornslaga gjekk noe ned til fordel for kveitedyrking. Derimot vart det lite regional omfordeling i 1930-åra. Korntrygda førte til at det vart dyrka korn over heile landet der det var mogleg. Først i 1950-åra vart det tatt landbrukspolitiske grep som førte til ei regional omfordeling av kornproduksjonen.

### Ny jordlov 1928

Ein viktig konflikt i landbruket i alle land har vore kampen om eigedom retten til jord. I 1917 nemnde regjeringa opp ein kommisjon som skulle ta for seg eigedomstilhøva til husmenn og leigendingar. Etter at denne Husmannskommisjonen av 1917 hadde vore i arbeid i tre år, la han fram ei delt innstilling i mai 1920. Fleirtalet i kommisjonen slo fast retten for husfolka til å kjøpe plassen. Kommisjonen gjekk òg inn for «tvungen avståelse av jord til dannelse av småbruk». Men trass i at landbrukskomiteen la fram ei innstilling som følgde fleirtalet i kommisjonen, vart alle forslaga røysta ned i Stortinget i 1923. Dei urolege politiske tilhøva med dei mange regjeringsskifta på 1920-talet gjorde at husmannsordninga vart mellombels forlengd fleire gonger. Det fantst ca. 17 600 husmannsbruk da kommisjonen vart oppretta i 1917, men på det meste, omkring 1855, hadde det vore om lag 65 000 plassbruk. Når dei vart avvikla, vart dei fleste eigne bruk, men også ein del vart fråflytta og jorda lagd under hovudbruket. Tyngda av husmannsbruka låg i Hedmark og Oppland, på Vestlandet og i Trøndelag.

Husmannsspørsmålet vart tatt opp att i ein vidare samanheng i Jordkommisjonen av 1919, som skulle fremja forslag til ny jordlov. Jordkommisjonen drøfta to hovudspørsmål:

spørsmålet om å lette adgangen for ubemidlede, jordløse folk til å få jord og heim [...]. Dernæst [...] den jordlopping som i den senere tid har funnet sted med jorderndommer, og som har ført til at eiendommene er blitt mer eller mindre vanbrukete og deres herligheter ribbet og jordprisen er drevet urimelig op [...].<sup>6</sup>

I arbeidet til Jordkommisjonen sto dei sosiale, ikkje dei produksjonstekniske eller økonomiske spørsmåla i framgrunnen. Problemsstillinga var at jordaune, skikka folk ikkje slapp til på jord som ikkje vart nytta av eigaren. Det skapte sosial uro på bygdene. Spørsmålet om korleis ein skulle skaffe jord til dei jordhungrige, skapte store konflikkar både på bygdene og i kommisjonen. Jordkommisjonen hadde delt seg i tre da han la fram innstillinga si i 1923, og det gjekk enda fem år før det vart vedtatt ny lov.

På mange måtar var det ei radikal lov som vart vedtatt 22. juni 1928 med støtte frå Venstre og Arbeidarpartiet. Småbrukarlaget hadde hatt stor innverknad under førebuinga. Dei politiske hovudfrontane sto mellom Høgre og Bondepartiet på den eine sida og Venstre og Arbeidarpartiet på den andre. Høgre og Bondepartiet var mest opptatt av å verne om eigedom retten, mens dei to andre partia ville ta meir omsyn til dei jordhungrige. Ideologien om arbeidabruket låg til grunn for tenkinga hos mange av dei som ville ha ei radikal jordlov. Ved valet i 1927 hadde Arbeidarpartiet fått 59 representantar, og for første gong hadde partiet fått solid støtte på bygdene. Sjølv om Venstre fekk mest innverknad på utforminga av lova, var dette det første store kompromisset Arbeidarpartiet gjorde med eit borgarleg parti, og det var eit viktig steg i reformistisk lei, bort ifrå den meir teoretiske retorikken om sosialisering og statsdrift.

Jordlova av 1928 innførte ordninga med eit jordretyre av fem jordbrukskunne medlemmar som skulle vera kommunen til hjelp i jordspørsmål.<sup>7</sup> Jordretyret vart no bindeleddet mellom bøndene og landbrukselskapet i fylket, som før hadde hatt direkte kontakt med lokale landbrukslag, småbrukarlag eller hageilag. Nye tilskottsordningar og utviding av gamle gjorde det snart nødvendig å ha ein lokal planleggar i kommunane. Tilskotta vart utbetalt av landbrukselskapa gjennom heradskasseraren. Viktig for Arbeidarpartiet var § 11, som slo fast eit heilt nytt prinsipp om at kommunen hadde plikt til å skaffe jord til bygdetfolk som mangla jord til jordbruk. Var det ikkje høveleg jord til sals, skulle vanhevda eller ubruka jord kunne oreignast av kommunen. Dyrka jord eller dyrkjingsjord som var eigd av selskap og av folk som budde utanfor bygda, skulle takast først. Dette var også Høgre og Bondepartiet samde i. Dermed skulle udyrka jord takast framfor dyrka jord og vanhevda jord framfor jord i god hevd. Når eigaren eigde fleire bruk, kunne kommunen gå til ekspropriasjon. Dette var Bondepartiet og Høgre imot, men Bonde-

partiet meinte til forskjell frå Høgre at dyrka jord som var høveleg til dyrking, kunne eksproprierast frå innanbygds buande.

Det har vore vanleg blant historikarar å meine at § 11 vart mest som ein sovjane paragraf, ettersom det var opp til fleirtalet i kommunestyret å følgje han opp. Sjølv om fleirtalet hadde politisk vilje til å ekspropriere jord til dei jordhungerige, sette skral kommuneøkonomi ei grense. Men denne paragrafen kunne vera riset bak spegelen som fekk mange til å selja jord frivillig. Såleis viser Olav Randen i saga om buisinga at jordlova fekk mykje å seia for dei som arbeidde for å skaffe jord til buisingfelt.<sup>8</sup> Revisjonen av jordlova i 1938 gjorde det noe lettere å skaffe dyrkingsjord og tilleggsjord. I perioden 1929-48 vart det gjennomført ekspropriasjon i om lag 30 saker kvar år, i alt 565 saker på landsbasis.<sup>9</sup> I tillegg kom 5045 frivillige sal, der formålet var overtaking av eldre bruk, nyetablering av bruk eller utviding av bruk.

Vedtaket om avviklinga av husmannsvesenet vart gjort i Odelstinget 28. mai 1928. Det kom også inn ein husmannsparagraf i jordlova. Han gav alle plassfolk rett til å kjøpe bruket. I første omgang vart den sosiale og økonomiske statusen til plassfolka lite endra, sjølv om dei vart sjølv-eigarar. Dei fleste måtte ha lån frå Den Norske Stats Småbruk- og Boligbank (som etter krigen heitte Noregs Småbruk- og bustadbank), og det vart ei ny tynsle som røynde på, særleg under depresjonen og partipolitikken på 1920-talet. Etter jordlova vart det gjennomført 1066 ekspropriasjonar av husmanns-, byggsels- og leigjendingsbruk i perioden 1929-48.<sup>10</sup> Så seint som i 1939 var det enno 3714 husmenn i Noreg, og avviklinga tok lengst tid i Nordland.

Frikjøp av plassbruk forklarar saman med oppretting av buisingssbruk noe av den store nydyrkinga i mellomkrigsstida. Berre på 1920-talet vart det dyrka 730 000 dekar, som svara til 10 prosent av det dyrka arealet. 690 000 dekar var dyrka med tilskott frå det offentlege. Vi skal hugse at dette var ei tid da stubbebytaren var ny teknologi, grøftegravinga vart gjort med handmakt og hesten gjekk for steindrøga. For mange vart tilskottet til nydyrking og grøfing ei kjærkomen kontantinntekt som vart sett i omlop i bygdene. I tråd med Keynes teori og Colbjørnsen og Sømmes treårsplan for Noreg kom statlege pengar på den måten i sirkulasjon og løfta både lokalsamfunn og storsamfunn ut av krisen. Det lever enno folk som fekk si første «forteneste» i form av tilskott til grøfing («Nygardsvold-grøfter»).

Utskiftingane var også med på å bane veg for moderniseringa av landbruket. Der sameige og teigblanding hindra investeringar i forbera jordveg, vart utskifting eit påskuv for utviklinga, slik som vist i band 3. Tun og huskylngjer vart flytta, vegar omlagde, gjerde av stein og anna materiale vart fjerna, og nye opne engflater vart skapte. Jordskifterettens rette

linje tok over der det før var bufe og bekkelar som hadde vore landsskapsarkitektur. Talet på utskiftingssaker gjekk noe ned i 1920-åra, da det vart reist ca. 250 saker i året. Men i 1930-åra steig talet på saker til 300 i året, i takt med stigande optimisme. Denne stiginga heldt seg gjennom krigen og fram til 1950-talet, da det vart reist meir enn 600 utskiftingssaker i året. Til ein viss grad heng nok stiginga i etterkrigsstida saman med utbygginga av jordskifteverket, men talet er også ein gradmålar på optimismen i næringa.

### Organisering, samvirke og marknadsnæring

Som nemnt var arbeidet for å få med bøndene i økonomiske organisasjonar ei viktig fanesak for dei meir pragmatiske bondelæraane på 1920-talet. Samvirke vart tidleg ei løftestong i den kampen for marknadsnæring som landbruket førte. Jamt over auka omfanget av samvirkeorganisert foredling og omsetning frå hundreårsskiftet og fram til andre verdskrigen, men samtidig var det mykje turbulens og mange konkurser.

Danmark vart tidleg eit mønsterland for partorganisert foredling og omsetning i Norden. «Folkeløshetsskolen og den grundtvigske landbo- og sognekultur var utvivlsomt med til å præge den særlige udvikling andels-samarbeidet fik i dansk landbrug,» skriv den danske landbrukshistorikaren Claus Bjørn.<sup>11</sup> I perioden 1880-1900 vart det i Danmark bygd opp landsamanslutningar for omsetning av slakt og mjølkprodukt. Eit særtræk ved den danske andelsrørsla var det sterke fokuset på omsetning og eksport, og forklaringa på dette kan vera at Danmark er eit lite og homogent land som ligg nær dei europeiske storbymarknadene. I Noreg var det grunnlagt mange lokale meieri og ysteri, og dei gjekk saman og skipa Den Norske Meieriforening alt i 1881. Men først med danninga av Norske Melkeproducenters Landsforbund (NML) i 1920/21 kom det ein verkeleg landsomfattande organisasjon for mjølkелеverandørar.

Gjennombrøtsfasen for samvirkeorganisering kom rundt hundreårsskiftet. Med unionsoppløysinga og utlysinga av dei nasjonale krefteane vart organisering i samvirkeklag eit uttrykk for framstegvilje og ny arbeidsdag. Det grunnleggjande prinsippet var hjelp til sjølvhjelp. Samvirkepionerane støytte ofte imot etablerte interesse, både i foredlinga og i varehandelen. Fleire av pionertiltaka gjekk konkurs, og bankar og private næringsdrivande såg derfor lenge på samvirkerittak som usikre debitorar. Samvirkeutvalet i Norges Vel, der Kai Møller var leiar frå starten i 1910 til 1940, gjorde saman med landhushaldningsselskapa ein pionerinnset. Som vist i tredje bandet gjekk fire av landhushaldningsselskapa saman og stifta Landhusholdningsselskabenes Fællesindkjøpsforening i 1896.



*Efter første verdenskrigen vart det farti i bygginga av lager for fellekjøpa. Dei vart lagde langs dei store ferdselsårenene, som her på Løna i 1924, der bøndene møter med hest og kjerre for å hente varer.*

Idealisten og venstremanen Kai Møller var den fremste initiativtakeren. Dette var starten på Fellekjøpet Østlandet, som spela ei viktig rolle både ved bygginga av Bøndernes Hus (1913) – saman med Bondedomslaget – og ved etableringa av Bøndernes Bank (1918) i Kristiania. Fellekjøpet samarbeidde både med Bondedomslaget og Det Norske Teatret om å fremja nynorsk språk og kultur i Kristiania.

Utviklinga av innkjøpslag ute i bygdane glekk ofte føre den sentrale organisasjonsbygginga. Medlemmane måtte ta på seg kjøpeplikt og solidarisk ansvar. Kjøpeplikta galdt kunstgjødsel, kraftfôr og i visse lag også såvarer. Første verdenskrigen førte til rask vekst i talet på innkjøpslag, og i 1917 fanst det 798 lag med 26 650 medlemmar. Noen stader verka landbrukslag eller småbruksforeningar som innkjøpslag. Særlig Småbrukerforbundet var tufta på samvirkeideane. På Vestlandet kunne samvirke-

lag eller handelslag vera medlemmar i fellekjøpa. Desse garanterte for oppgjert slik at bøndene slapp det solidariske ansvaret. I 1900 vart Agder Fælleindkjøpsforening i Kristiansand og Det Vestlandske Kjøpelag i Bergen etablerte. Same året vart også Trøndelagens Landmandsforening, frå 1923 kalla Fellekjøpet Trondheim, skipa av dei to landhushaldningsselskapa i Trøndelagsfylka. Men det var ei vaklande drift dei første åra, der privatesonar måtte stille personleg garanti.<sup>12</sup> I 1914 vart det oppretta ein filial i Harstad, og Troms Fellekjøp vart skilt ut som eige selskap i 1927.

Samvirkeutvalet vart i førstinga finansiert av Norges Vel og Landhusholdningsselskabenes Fælleindkjøpsforening. Norges Kooperative Landsforening (NKL) var med frå starten, mens NML og Norges Kjøtt og Fleskesentral kom inn i 1936.<sup>13</sup> Samvirkekonsulent i Norges Vel, Hans Overaae, spela også ei svært viktig rolle i etableringa av nye samvirkeiltak. I ein lang periode, frå 1914 til 1950, reiste denne eldsjela rundt i alle landsdelar for samvirkesaka. Han var ikkje aleine. På det meste hadde Norges Vel seks samvirkekonsulentar i sving. Særlig hektisk var det frå 1930 og utover, da omsetningsentralane for fleisk, mjølk, kjøtt og egg vart etablerte.


Når samvirket sine innkjøps-, foredlings- og omsetningsorganisasjonar fekk ei slik suksesshistorie i Noreg, hang dette ikkje minst saman med det høge opplysningsnivået på bygdene. Bygginga av samvirke vart ein del av den breie bondereisinga. Dessutan vart etter kvart eit flertal av dei politiske partiå på Stortinget positivt innstilte til samvirke som organisasjonsform for landbruket. Dette politiske omslaget i synet på samvirket si rolle under avsetningskrisen frå 1929 hadde – som vi skal sjå – ein avgjerande innverknad på gjennomslaget for dei nye omsetningsordningane.

Ei anna drivkraft i utviklinga av landbruksamvirket i mellomkrigstida var veksten i matmarknaden. Frå 1917 til 1939 voks den avsette fleskeproduksjonen frå 24 000 tonn til 39 600 tonn og kjøttproduksjonen av storfe frå 32 000 tonn til 47 200 tonn.<sup>14</sup> Innvegen mjølk til meieria auka frå 281 000 tonn i 1920 til 792 600 tonn i 1939. Smørproduksjonen levert frå smørmeieri auka frå 1200 tonn i 1920 til 17 600 tonn i 1939, og osteproduksjonen frå ysteri auka frå 11 100 tonn i 1920 til 18 400 tonn i 1939.<sup>15</sup> Stølv om den meierileverte mjølka berre omfatta halvparten av produksjonen så seint som i 1939, vart marknaden for husdyrprodukt iamt overfordbla i mellomkrigstida. Utan den sterke marknadsutviklinga hadde det ikkje vore noe grunnlag for veksten i produksjon og foredling. At så mye av omsetninga etter kvart skulle bli organisert på samvirkebasis, var ikkje sjølvagt. Utviklinga var dessutan ujamn, kjøttamvirket hadde ein langt mindre del av omsetninga enn meieria hadde for mjølkeprodukt. Før 1930 var den største veikskapen for samvirket i kampen om marknadsmakta at det var så laust organisert på landsbasis.

*Krise, prisfall og leining etter politiske løysingar*

Året 1920 markerer slutten på ein høgkonjunktur for både land og landbruk. Fram til 1919/20 steig prisane på jordbruksvarer meir enn prisane på produksjonsmiddel og arbeidslønner.<sup>16</sup> Dette skjedde særleg på grunn av krigen og avsperringa, men også på grunn av folketilvekst i byane og dei gode tidene for trelashandel og skipsfart. Når det galdt landbruksprodukt, kom prisfaller på skog først og sterkast, med ei halvering frå 1920 til 1921. Deretter tok prisane seg litt opp ein kort periode i 1923 og 1924, før dei fall på nytt til ein fjerdedel av 1920-nivået i 1931. Kjøttprisane fall sterkt frå 1921 til 1923, tok seg opp att i 1924-26, men fall så sterkt att heilt fram til 1930, før dei tok seg opp heilt fram til krigsutbrotet. Mjølkeprisane fall frå 1921-22 og følgde omtrent same syklusen som kjøttprisane, bortsett frå at fallet var noe sterkare og mjølkeprisen ikkje tok seg opp så mykje midt i tjuetåra. I 1929, same året som ein fekk det internasjonale børskraket, kom det eit nytt og sterkare prisfall på mjølk. Dette prisfallet ramma sterkast dei gardane som var mest innvovne i pengeøkonomien, og som hadde satsa på spesialisering og sal av jordbruk.<sup>17</sup> Prisfallet på kjøtt, fleisk og mjølk i 1920-åra kom for ein stor del av at bøndene prøvde å produsere seg ut av krisen. Når kronekursen

Figur 4. Jordbrukets prisindeks 1920-1939. Jordbruksprodukt i alt, produksjonsmiddel og arbeidslønner. Prisindeks 1910-14 = 100



Kjelde: Historiske statistikk 1968: 533 (teikna som i Høveding 1982: 21)


steig, måtte dei betala avdrag og rente med dyrare pengar og dermed ei større produktmengd enn tidlegare. Gjennom ein eksplosiv vekst i brukten av importert kraftfôr med ei tredobling på 1920-talet kunne bøndene auke salsproduksjonen av kjøtt og mjølk utan at dei hadde ein tilsvarende auke i tilgangen på ressurser på garden.<sup>18</sup>

På grunn av deflasjonen fall prisane på alle varer, men jordbruksproduktar fall raskare enn prisane på produksjonsmidla frå 1928-29.<sup>19</sup> I driftsåret 1933/34 låg jordbruksproduktar på eit prisinivå som i løpande kroner berre låg 12 prosent over nivået i 1913, mens driftsmidla var 35 prosent dyrare og arbeidslønnene 50 prosent høgare. I tiåret mellom 1910 og 1920 hadde folketalet i byar og tettbygde strøk i gjennomsnitt auka med 37 500 pr. år, mens det tilsvarende talet for 20-åra var 14 500 pr. år.<sup>20</sup> Den raske urbaniseringa, og dermed den sterke veksten i talet på reine konsumentar, stagnerte i mellomkrigsåra. På grunn av den internasjonale etterspurnadskrisen og den norske parapolitikken gjekk også industriomsætninga ned. Dette vart mørt med oppseingar og lønnsnedlag, og forbruket av mat stagnerte på grunn av minke kjøpekraft. Forsøket på å produsere seg ut av gjeldskrisen i landbruket var eit felles fenomen for alle land under industrialisering. Dermed kunne overskotta heller ikkje finne gode prisar i utlandet. Tvert imot fall prisane på verdsmarknaden enda meir, fordi ei rekkje land dumpa matvarer.

*Mjølkesentralar og omsetningslov*

Hovudproblemet i mjølkeomsetninga innanlands var konkurranse om salet av konsummjølk i byane, der folketalet hadde vakse sterkt under den raske industrialiseringa, frå 475 000 i 1890 til 785 000 i 1920.<sup>21</sup> Heilmjølk til konsum gav betre pris enn mjølk som gjekk til produksjon av ost og smør. I tida fram til 1920 gjekk talet på meieri attende til 552, frå 845 i 1900. Dei fleste som vart nedlagde, var enkeltappestasjonar, og mykje av omlegginga hadde si årsak i ny meieriteknologi som kjøling og utviding av marknader ved at byar og tettstader voks. Frå 1920-talet kunne lastebilen ta mjølka over lengre avstandar før ho vart sur, og talet på meieri steig på nytt, frå 552 i 1920 til 639 i 1930. Forklaringa var at nye leverandørar og nye distrikt kom inn i omsetninga.

I 1920-åra greidde NML gjennom ei frivillig ordning delvis å skapa ei toprioritering, ein pris for produksjonsmjølk og ein for konsummjølk. Men mot slutten av 1920-talet var det klart at den frivillige ordninga hadde spela fallitt. Nettopp til produsent for mjølkesalsmeieria hadde gått ned frå 47 øre i gjennomsnitt i 1920 til 18 øre i 1929.<sup>22</sup> For smørmeieria var den tilsvarende nedgangen frå 25 øre til 10 øre på same tida. Ein veksende opinion blant bøndene kravde at noe måtte gjerast med den kaotiske mjølke marknaden, både politisk og organisatorisk. Problemstillinga var



Jon Sundby (1883-1972) var den mest markante leieren i norsk landbruk frå 1920 til ut i 1950-åra. Han var utdanna ved Landbruks-høgskolen og var i 1909-1922 konsulent i Norsk Salpeterverk, seinare Norsk Hydro, med ansvar for propaganda heime og utover der for norgesalpeter. Sundby tok over farsgården i 1912 og var stortingsmann for Bondepartiet frå 1921 til krigen, formann i landbrukskomiteen, landbruksminister i Kolstad-regjeringa 1931 og finansminister i Hunderslid-regjeringa 1932-33. Den store politiske bragda hans var oppbygginga av dei økonomiske organisasjonane i landbruket i 1930-åra.

å få til ei utframming mellom sentrale og perifer meieri og mellom dei meieria som kinna og ysta, og dei som produserte konsummjølk. Ein måtte unngå at alle meieria søkte til byane for å selja konsummjølk.


Våren 1929 gjekk krisen mot ei grense. Nye overskott på ost og smør kring årsskiftet førte til forsterka prisfall på produksjonsmjølka utover våren. NML var på vikande front etter å ha vorte tvinga til å setta ned prisen på konsummjølk. Det bygde seg opp eit press nedanfrå, utanom organisasjonane, om at noe måtte gjeraast. Store massemeier vart haldne, og særleg møta i Oppland vekte oppsikt fordi dei gjekk utanom Bondelaget og Småbrukarlaget. Det vart mellom anna reist krav om offentleg subsidiering av eksport.<sup>23</sup> Spølv om mange var samde om at noe måtte gjeraast, var det ulike interesser som skulle forlikast. Talsmennene for regulering fanst i første rekke i toppleinga av NML, men planane møtte motstand, særleg frå meieristyrarar og mjølkereprodusentar som dreiv direkte sal. Det kom mjølk til Oslo-marknaden heilt frå Gjøvik-kanalen. Men hausten 1929 lykkast det for Norges Bondelag å få oppretta «Felleskomiteen for melkeomsetningen», med Jon Sundby som leiar. Saman med dosent Rasmus Mørk dreiv organisasjonstalentet Sundby på rekordtid fram ei samrøystes innstilling 29. januar 1930.<sup>24</sup>

Dosent Rasmus Mørk ved NLIH var systemarkitekt, mens Jon Sundby var organisatoren som kunne selja ideane bak den nye omsetningspolitikken. Det skulle skipast mjølkesentralar i kvar landsdel der alle produsentane skulle med. Sentralane skulle «kjøpe» mjølka av leverandørane og «selja» ho til meieria og andre foredlingsbedrifter. Meieria skulle betala ein høgare pris for den mjølka dei nytta til konsum, og ein lågare pris for den som gjekk til produksjon.<sup>25</sup> På det viset vart det skapt eit system for pristjønning mellom produksjonane. Sundby og Mørk foreslo i realiteten eit treprissystem: mjølk til konsum, mjølk til produksjon og overskottsmjølk til tapskesport. Mellomlaget ved eksporten skulle finansierast ved ei variabel omsetningsavgift. Systemet hadde dels norske røtter, dels hadde komiteen henta idear til organisasjonsforma gjennom studiar i New York-distriktet, Sveits, Skottland, Sverige og Finland. Alt på forsommaren 1930 var Østlandets Melkesentral konstituert med så godt som full tilslut-

ning frå alle produsentane i seks fylke. På fem veker vart 20 000 leverandørar og 240 meieri tilslutta sentralar, og det vart oppnemnt eit organisasjonsapparat med fylkesnemnder, bygdenemnder og grendemenn. Rundt i bygdene vart det skipa leverandørslag som valde utsendingar til skipingsmøtet i Oslo 19. juni 1930, der Jon Sundby vart vald til styreformann.

Frå sommaren 1930 til 1. januar 1932 vart det organisert mjølkesentralar over heile landet. Desse sentralane var bokføringssystem for utframming av mjølkereprisen. Mjølka dei omsette, var «papir-mjølk». Det legitime grunnlaget for sentralane var omsetningslova, som vart vedtatt av Stortinget 6. juni 1930.<sup>26</sup> Formålet med lova var gjennom samvirke å frenja omsetninga av alle landbruksvarer, men i første omgang mjølk og fleisk.<sup>27</sup> Sentralane fekk forvaltingsrett til å krevja inn omsetningsavgift, for med den å finansiere lagring eller i verste fall eksport med tap for å halde marknaden i balanse. Sentralane fekk òg heimel til å jamne ut prisen mellom produksjons- og konsummjølk. Det var på desse punkta den nye ordninga skilde seg mest frå den gamle, frivillige ordninga. Norske Melkeprodusenters Landsforbund vart reorganisert i 1930 som eit forplikande samarbeid mellom åtte distriktvisse mjølkesentralar.

Innanfor den samvirkebaserte kjørt- og fleiskeomsetninga var det i 1930 sju distriktorganisasjonar. Dei hadde vore i store vanskar under pris- og omsetningskrisen i 1920-åra. Alle prøvde å omsetta produkta sine på Oslo-marknaden, der det ikkje fanst noe felles organ til å styre utbødet. Oppretting av flekesentralar var eit vilkår straten sette for å kunna krevja inn omsetningsavgift på slakterisida, og i omsetningslova vart det vist til «den påtenkte samskipnaden for fleiskeprodusentar». Året etter, 16. juni 1931, vart Norges Fleskesentral konstituert med 80 000 medlemmar.<sup>28</sup> Dette var over den minstegrensa på 80 prosent tilslutning blant dei som produserte fleisk for Oslo-marknaden, som organisasjonskomiteen hadde sett. Da sauekjøtt vart omfatta av omsetningslova i 1934, skifta organisasjonen namn til Norges Kjøtt og Fleskesentral (NKF). I 1940 kom storfe- og kalvekjøtt inn under lova. NKF fekk eit gjennombrøt i 1936 da organisasjonen tok over Fellesslakteriets anlegg på Løren i Oslo, som var sentralt for reguleringa av Oslo-marknaden. NKF organiserte



Diplom-15 frå 1930 er eit av dei eldste merkemanna til meierindustrien. Odd Stene var direktør ved fabriken til Diplom-15 i Oslo i nærmere 50 år og fekk ordet på seg for å vera god til å lena pengar for meierisamvirket, sjølv om mange bønder ikkje hadde den store sansen for produkta. På eit meiertårsmøte fekk han følgjande spørsmål frå ein av utsendingane: «Du Stene som er så god til å tjene «pøeng», kan du ikke finne på noe anna fantteri òg?»

Løren-anlegget som eit aksjeselskap, og først i 1957 vart Fellesslakteriet skilt ut som eige andelslag med direkte medlemmar.<sup>29</sup>

Det nye omsetningssystemet vart svært effektivt og kom til å bli ein grunnstein i den nye landbrukspolitikken. Dei sjølvstendige og bondeigde bygdebedriftene i foredling og omsetning av kjøtt og mjølk vart innordna i eit nasjonalt system med støtte i lovverket. I andre land vart tilsvarende problem løyst ved hjelp av statlege organ («Marketing Boards»), som også kunne ha vorte utfallet her i landet. Når så ikkje skjedd, var det utan tvil eit resultat av den sterke politiske innverknaden til «dei nye agronomane» med Jon Sundby i spissen.

Pengane som kom inn gjennom omsetningsavgiftene, vart administrerte av eit omsetningsråd som i starten hadde seks medlemmar, oppnemnde av NML, NKE, Norges Bondelag, Norsk Bonde- og Småbrukarlag, Norges Vel og Norges Handelsstands Forbund. Landbruket hadde eit fleirtal av medlemmane i rådet, og dette vart grunnlagt med at rådet skulle administrere pengar som landbruksorganisasjonane i samverket var pålagde å krevja inn frå leverandørane.

Eitt startproblem med den nye ordninga var å sette smothola. I førstninga var det ikkje avgift ved direkte sal av mjølk til konsument. Ved eit tillegg i lova (1931) under Sundbys tid som landbruksminister fekk Omsetningsrådet rett til å krevja inn utjamningsavgift på direkte sal. I noen bynære område nekta direkteleverandørane å betala avgift. Særleg gjekk bølgiene høgt i Fana og andre bygdar rundt Bergen, med mykje negativ omtale og store avisoverskrifter. Da prisane tok til å betre seg, vart det lettare å argumentere for at dei som ikkje betalte omsetningsavgift, var gratispassasjerar på det nye systemet. Gjennom to høgsterettsdommar, den eine i 1932, som slo fast oppgåveplikta for direkteleverandørane, og ein ny dom i 1933, som slo fast at omsetningslova ikkje var i strid med Grunnlova, vart legitimiteten til omsetningsordninga for mjølk slått fast. I 1934 kom «Midlertidig lov om innførselsforbud», som lovfesta grensevernet. Dermed var eit samla system for omsetning og avsetning av norske jordbruksprodukt som kom til å vara i meir enn 50 år, på plass.

Utjamninga i omsetningsordninga vart effektiv og førte til ein auke i smørproduksjonen utover 1930-talet med eit vekskande smørberg som måtte eksportierast. Dei låge verdsmarknadsprisane førte til eit press imot systemet, ved at omsetningsavgifta vart pressa oppover. Politikarane begynte å sjå seg om etter tiltak for å bli kvitt smørværskottet innanlands. Her fall auga på margarinen, dette billege «industri-smøret» som hadde kome på broðskiva til mange som ikkje hadde råd til «godt smør». For å bli kvitt overkottsmøret, men også for å gjera «fattigmannsmøret» meir etande, vart det i 1931 gitt høve til «tvangsmessig innblanding av smør i margarinen». Da ordninga med smørinnblanding i margarinen vart inn-

ført i 1931, vart innblandingssgraden sett til 2,5 prosent. Men på grunn av aukten i mjølkproduksjonen steig denne prosenten fram til 1940, slik at det på det meste vart blanda inn 25 prosent smør i margarinen.<sup>30</sup>

Frå eit forbrukarsynspunkt var denne utviklinga problematisk. Den smørinnblanda margarinen vart dyrare dess meir ein blanda inn av den dyraste råvara, det vil seia smøret. I 1934 vedtok derfor Stortinget som del av krisetilraka å leggje avgift på margarin. Avgifta skulle gjera margarinen dyrare og samtidig gi inntekt som kunne brukast til å stimulere smør-omsetninga. For å lette produksjonspresset vart kraftfôret først rasjonert frå 1934, men da dette ikkje vart effektivt nok, vart rasjoneringa avløyst av ei avgift på toppforbruket frå 1935.<sup>31</sup> Dette var i røynda ei topisordning, som under krigen vart endra tilbake til rasjonering. Kraftfôravgifta fekk liten dempende verknad på produksjonen, men midlane som kom inn, vart nytta til avsetningstilrak for husdyrprodukt.

### Gjeldskrisen i landbruket

Prisfallet på alle jordbruksvarer fram til midt på 1930-talet var ei utvikling vi hadde følees med alle nabolanda og dei viktige handelspartnarane våre. Bøndene møtte prisklemma med å leite etter meir effektive driftsmåtar og med å produsere meir.<sup>32</sup> Til dette trongst kapital til investeringar, og dei fleste bønder måtte låne for å gjennomføre moderniseringar på bruket. Mye av lånekapitalen vart tatt opp under dyrtida like etter den første verdskrigen, da prisane på produkta var gode og prisen på kreditt var låg. Med prisfallet på landbruksprodukta og den deflasjonspolitikken som Noregs Bank førte, auka realverdien på låna dramatisk. Utgiftene til renter og avdrag måtte betalast attende med faste beløp til stigande kronkurs, sjølv om prisane på produkta rasa. Mange småbrukarar var avhengige av inntekt utanom bruket, og i takt med utviklinga av krisen på arbeidsmarknaden vart det vanskelegare å skaffe attinntekter. Slik sett vart jordbruksnæringa ramna av ein tredobbel krise: sviktande lønnsend, arbeidsløys og aukande gjeldstrykk.

Gjeldskommisjonen av 1928 rekna med at pantegjelda i landbruket hadde vorte fordobla frå 1912 til 1926. Dette var dels ein konsekvens av moderniseringsprosessen i næringa. Dette ser ein til dømes av at gjeldskrisen ikkje råka så hardt på Sørlandet og Vestlandet, der moderniseringa var komen kortare enn på Austlandet.<sup>33</sup> Landbruksdirektør Ole Bjanes opplyste i ei oversikt frå 1926 at gjelda vart tynget å bera på bruk som var kjøpte under høgkonjunkturen, da pengeverdien var låg. Mange av desse bruka var frikjøpte husmanns- og leigjendingsbruk, dei fleste på Austlandet. Dette gjorde at distrikt med mange små bruk fekk gjeldspro-

Hovedalen blev som nevnt holdt av Victor Mogens. Skjønt han sa at vi her i landet måtte holde oss utenfor den ideologiske kamp, var hans tale en utpregetpropaganda for fascismen, eller i alle fall for de fascistiske land. Taleren var nettopp kommet hjem fra en to måneders reise i utlandet. Han hadde vært i Italia. Han hadde nu hatt anledning til å se et folk som fra å være slapt og likegyldig var blitt usedvanlig dyktig og disiplinert.<sup>10</sup>

Mogens, som var protyisk, men anti-Quisling og anti-NS, tala her på same stemnet som Holdhus, ein typisk nasjonaldemokrat og eksponent for venstrestaten.

Tonen på desse bondestemna var kristen-nasjonal, med vekt på historiske hendingar og verdiane i bondekulturen. Utrandens sagaspele sto ofte sentralt på Gimse var handlinga spunnen rundt Einar Tambariskjelve, som skal ha budd på denne garden i vikingtida. Det som var med i spelet, var amatørar, med rører i teatermiljøet rundt Gauldal folkeshøgskule på Trøndertun, der stemnet vart halde. Mellom 5000 og 10 000 menneske møtte opp, der «dro endeløse rekker av folk og biler ut fra Gimse med det nyeste og rikeste minne føiet inn i de gode steventradisjonar fra bondefylkingen i Trøndelag». <sup>11</sup> Det siste bondestemnet i Trøndelag vart halde på Mære i 1939. Etter krigen var tida for desse bondestemna ute. Ei viktig medverkande årsak til dette var Nasjonal Samling sine forsøk på å bruke norsk historie og bondekultur i sin eigen propaganda før og under krigen. Bondelaget kom til å prioritere næringspolitikken framfor kulturreisning i etterkrigstida, mens Noregs Ungdomslag har halde ved like delar av sin stemmetradisjonen opp til våre dagar.



### Kriseforliket 1935 – eit symbolsk vendepunkt

I den symbolske kampen om å få bygdefolk med seg vart kriseforliket mellom Arbeidarpartiet og Bondepartiet eit vendepunkt. Aldri har landbrukspolitikken spela ei viktigare rolle ved eit maktskifte i norsk historie. Eit samanfallet av omstende gjorde at verkadene av dette vendepunktet vart ekstra sterke. Kriseforliket kom samtidig med oppsvinget på verdensmarknaden og tilsvarende politiske skifte i nabolanda våre. For ettertida vil kriseforliket i 1935 bli ståande som vasskiljet mellom liberalistisk maknadsøkonomi og sosialdemokratisk reguleringsøkonomi i norsk historie. Jens Hundseid hadde spådd at den norske bondestanden skulle bli «den klippe som marxismen ville strande på i Norge». I staden vart landbrukspolitikken den første grindstolpen på vegen mot den sosialdemokratiske orden.

Da Johan Nygaardsvold vart statsminister 19. mars 1935, var det resultatet av ei tolmotig alliansebygging i Stortinget. Etter rekordvalet for Arbeid-



Valplakat frå 1933, teikna av Erling Nilsen. Ved vala i 1933 og 1936 mobiliserte Arbeidarpartiet på grunnlag av krisepolitikken og grekk sterkt fram på bygden.

darpartiet i 1933 med 40 prosent av røystene og 69 stortingsmandat, arbeidde Nygaardsvold systematisk for å bygge ned frontane til Bondepartiet. Dette var inga lett oppgåve, når ein veit at Bondepartiet i mange saker hadde vore den antisosialistiske spydspissen. Alt like etter valet hausten 1933 hadde Martin Tranmæl peika ut «Gubben» frå Hommelvik som statsministerkandidat for partiet.<sup>12</sup> I vårsesjonen 1934 vart Nygaardsvold med røystene frå Bondepartiet vald til stortingspresident. Dette gav høgare status og større høve til å manøvrere på Stortinget.

Fleirtalet i Arbeidarpartiets stortingsgruppe var i utgangspunktet skeptiske til å nærme seg Bondepartiet i krisepolitikken. Så seint som i finansdebatten i 1932 hadde frihandelssozialisten Nygaardsvold sjølv gått sterkt imot toll, handelsrestriksjonar og ekstraordinære løyvingar til jordbruket.<sup>13</sup> Marskatt var eit skjellsord med djup meinig i Arbeidarpartiet. Stortingsgruppa skulle derfor gjennom ein snuoperasjon, der den hevdvunne linja med billeg mat måtte vike til fordel for støtte til organiserte småprodusentar. Nygaardsvold var sjølv den første til å sjå at dette var den prisen partiet måtte betala for å koma i regjering og få igjennom sine eigne tiltak mot arbeidsløysa. Nøkkelen for Nygaardsvold var å få med seg sitt eige parti på å støtte den reguleringsvenlege lønnsendlinja Bondepartiet førte i landbrukspolitikken. Denne linja sto i kontrast til Venstre og landbruksminister Haakon Fives effektivitetslinje.

Utover våren 1934 prøvde Nygaardsvold å få stortingsgruppa med på at dei skulle koma Bondepartiet i møte i slike spørsmål som korntrygd, kraftfôragift, smørpris og eit strekare lovvern om innkevjinga av omsetningsavgift.<sup>14</sup> I den nye retorikken til Nygaardsvold vart omsetningsavgiften i landbruket no definert som rimelege uttrykk for forsvaret av interessene til småprodusentane. Bøndene måtte skaffe seg sterke organisasjonar for kvar grein i næringa, like eins som arbeidarane. Samvirkesentralane måtte stå saman på landsbasis, og dei bøndene som sto utanfor, vart karakteriserte som «gule», i klassisk Ap-retorikk. I det nye politiske verdshudet til Nygaardsvold skulle organiserte bønder, fiskarar og arbeidarar søkje samarbeid, med hjelp av ein aktiv, regulerande stat. Dette ideologiske sporskitet gjorde at Arbeidarpartiet i juni 1934 støtta ei lovskjerping om at Omsetningsrådet skulle ha rett til å krevja inn avgift av alle produsentar.

### Kalvekastingsproposisjonen

I første omgang var forsøka på frieri til Bondepartiet mislykka. Men da landbruksminister Haakon Five (V) i juni 1934 la fram ein kriseproposisjon for Stortinget, vart det politisk krise. Jon Sundby gav straks

proposisjonen namnet «kalvekastingsproposisjonen».<sup>15</sup> «Det eneste nye er de 250 000 kr til motarbeidelse av kalvekasting,» slo han spydig fast.<sup>16</sup> Smittsam kalvekasting var enda i mellomkrigsstida eit trugsål mot husdyrbruket, og her kunne Five slå to fluger i ein smekk: få bort sjukdomen gjennom nedslaktning, men også redusere overproduksjonen. Proposisjonen hadde i tillegg eit forslag om å løyve 400 000 kroner til kjøp av mjølk og flesk til fattigfolk. Dette oppfylte på langt nær dei krava Bondepartiet hadde reist i mars, og dei forventningane partiet hadde. I debatten om Fives proposisjon rekna Sundby opp kva som var det verste, det nest verste og det tredje verste med proposisjonen: ingen «effektive foranstaltningar til innkverning av utjevningavgift for melk, [...] ingen margarinavgift, [...] ingen effektiv kraftfôrbegrensning».<sup>17</sup> Trass i denne ublåsinga vart det forlik mellom Bondepartiet, Høgre og Venstre. Bondepartiet fekk lovna om at venstregjeringa skulle arbeide ut ein samla plan for å betre lønnsenda i jordbruket. Jon Sundby godtok dette som ei naudløsning, men han og dei nye agronomane i Bondepartiet var framleis på regjeringsjakt. Ifølgje Olav Øksvik (Ap) hang regjeringa Mowinckel i gesismen, «[...]Jog det er intet blivende sted, i alle fall ikke for eldre folk.»<sup>18</sup>

Alliansebygging for å få til parlamentariske kriseforlik var ikkje noe særnorsk fenomen på denne tida. I alle nordiske land var politkarane pressa av den økonomiske verdskrisen. Krisetida gav god grobrot for utanomparlamentariske og antidemokratiske straumdrag, både til høgre og til venstre. Alt i 1933 hadde Bondeforbundet og Socialdemokraterna i Sverige gjennomført sin «kohandel» og funne kvarandre i krisepolitikken. I Danmark vart det også vedtatt krisepolitikk i 1932-33, på grunnlag av alliansen mellom bondepartiet Venstre og regjeringspartiet Socialdemokratiet. Ved fleire forlik, der Kanslergadeforliket i januar 1933 er det mest kjende, vart «de danske forsvarsværker over for den internationale handelskrig bragt så nogenlunde i orden».<sup>19</sup> For det eksportorienterte danske landbruket var valuta- og rollpolitikken heilt avgjerande, og kornrollen vart no i realiteten innført på nytt i Danmark. I Norden var det berre dei finiske sosialdemokratane som førte ein konsekvent frihandelspolitikk gjennom heile mellomkrigsstida, noe som var med på å isolere dei politisk. Kriseforlika i Finland i 1933 og 1935 vart derfor gjorde på bogarleg side. Men dei finiske kriseritaka likna på dei norske, med prisstøtte til landbruket finansiert ved avgifter på kraftfôrimporten og margarin, i kombinasjon med tiltak mot arbeidsløysa.<sup>20</sup>

Med sine pragmatiske grep og kriserplanar for å få folk i arbeid fridde Arbeidarpartiet både til veljargruppene og stortingsgruppa til Bondepartiet. Ole Colbjørnsen og Axel Sømme hadde hausten 1933 lansert «En treårsplan for Norge», mellom anna bygd på idene frå den britiske økonomen John M. Keynes om statleg underskottsbudsjettering mot krisen.

Denne treårsplanen var ei utdyping av valprogrammet til DNA før valet i 1933 under slagordet «Hele folket i arbeid».<sup>21</sup> Det borgarlege kriseforliket i juni 1934 ergra Nygaardsvold, men han heldt fram med å argumentere for at arbeidarar og bønder hadde felles interesser. Han hevdar at «[...] organisasjonene må bygges sammen for derved å styrke arbeiderklassen, enten den kalles for bønder eller arbeidere her i dette landet».<sup>22</sup>

Noe av forklaringa på at eit forlik til venstre let vorte på seg, var nok at norsk arbeidarrørse generelt og Arbeidarpartiet spesielt hadde vore meir radikale enn søsterrørslene sine i dei to næraste nabolanda. Dessutan var det skapt vondt blod mellom bonderørsla og arbeidarrørsla, både lokalt gjennom striden om organisasjonsretten og sentralt ved bruken av statsmakt i streike- og lockoutkampar. Den høgeradikale antisosialismen i Bondepartiet hadde helt fram til 1932-33 vore den mest tydelege borgarlege mopolen til den revolusjonære strategien og retorikken i Arbeidarpartiet. Bak kullissane motarbeidde leiarane i Bondelaget og partiavisa Nationen eit kriseforlik til venstre. Redaktør Thorvald Aadahl i Nationen åtråra imot å få i stand ei arbeidarpartiregjerung og skreiv: «Den blir dyr i anskaffelse og dyr i drift.»<sup>23</sup> Men i stortingsgruppa rådde agronomane med Jon Sundby og Jens Hundseid i spissen. Mellbye og «talanes tid» var på hell, «tabellanes tid» var i emning.<sup>24</sup>

### Frå fraseradikalisme til pragmatisk alliansepolitikk i DNA

Like etter det borgarlege kriseforliket i juni 1934 vart det ført uformelle samtalar om eit sentrum-venstreforlik. Samtidig skreiv seinare landbruksdirektør Aslak Lidtveit på ei melding om oppfølging av juniforliket. Lidtveit fortel at arbeidet starta på normal måte, «vi drøfta saka og eg skreiv» på gjeldande politisk grunnlag.<sup>25</sup> Lidtveit kjende vel til korleis det som vart skrive, ville bli tolka i Bondepartiet, frå den tida Hundseid og Sundby var landbruksministrar. Det gjekk ikkje lang tid før Five gav uttrykk for at han var misnøgd med det Lidtveit skreiv, og tok til å «skrive sjølv». «Eg åtråra statsråden med at dette ikkje var nok, men han ville ikkje høyre.»<sup>26</sup> Five fullførte meldinga seint i 1934. På mange måtar var dette, slik Jorunn Bjørgum seier, ei «motstrømsmelding» som gjekk imot den rådande tendensen både i Noreg og i nabolanda våre. Statsminister Mowinckel ante nok problema i Stortinget, for meldinga vart lagd på is. Først da forhandlingane mellom Venstre, Bondepartiet og Høgre om eit fastare borgarleg samarbeid braut saman, passerte meldinga statsråd 1. mars 1935. Loddet var kasta. Regjeringa Mowinckel (1933-35), som måtte vira kva veg det bar, søkte «døden» for eiga hand.

Det var Fives mangelfulle krisepplanar for landbruket som fekk Bonde-

partiet til å kaste loddet til fordel for Ap i regjeringsspørsmålet. Kriseforslaget frå Five om forsking, fagleg opplysning og rasjonalisering viste at Venstre enno trudde at landbruket kunne *produisere seg ut av krisen*. Bondepartiet såg på krisen som ei *lønnsendelse*, som berre ville bli verre med auka produktivitet og produksjon. Regjeringa Mowinckel vart den siste reine venstreregjeringa i Noreg, «liberalismens siste forsøk», som Bull uttrykkjer det.<sup>27</sup> Dette regjeringsskiftet markerte slutten på venstrestaten.

Ei toårig friarferd til Bondepartiet hadde bana vegen for regjeringa Nygaardsvold (1935-45). Konsekvensen vart eit systemskifte i Noreg, med Ap-styre dei neste 30 åra og førebuing til den sosialdemokratiske orden.

Berre ein månad etter regjeringsskiftet fremja landbruksminister Hans Ystgaard ny kriseproposisjon.<sup>28</sup> Hans Ystgaard hadde sjølv ein stor gard i Spørhu og sto Nygaardsvold nær. Ystgaard var ein pragmatikar som kommuniserte godt med bøndene, men hadde større problem med embetsverket, som sat med haldningane til Five og venstrestaten. Arbeidarpartiet og Bondepartiet tok straks etter regjeringsskiftet opp forhandlingar om nye krisetilrakk. Dei vart samde om tilleggsløyvingar på til saman 34 millionar kroner, finansierte med auka statskatt og ei ny omsterningsavgift på ein prosent. Krseløyvingane gjekk til jord- og skogbruk, til fiskeria og til kommunane for vegbygging og bustadbygging.<sup>29</sup> Bondepartiet fekk igjennom kravet om pristilskott på smør, som skulle finansierast av ei margarinavgift. Andre pristilskott skulle finansierast med ei ny kraftôravgift.<sup>30</sup>

Dette forliket vart truleg ein av dei viktigaste faktorane for å motverke tendensen til høgeradikalisme hos bønder og bygdefolk i Noreg.<sup>31</sup> Statsminister Mowinckel hadde håpa at kriseforliket skulle skremme bygdeleiarane bort frå dei to forlikspartia. I staden vart det ei økonomisk løftesting for landbruket som skapte meir optimismen på bygdene og større tru på statsmakta blant bøndene. Samtidig vart kriseforliket og regjeringsskiftet eit nytt skuv framåt på bygdene for Arbeidarpartiet. For å demonstrere at Nygaardsvolds regjering var populær blant bygdefolk, vart det arrangert eit «arbeidar- og bonde tog» 2. juni 1935. Under hovudparolen «By og land, hand i hand» kom ei mengd folk inn til hovudstaden, heilt frå dei indre bygdene på Austlandet. Aftenposten skreiv sylg at det var «uendelig mange gårdsarbeidere og tjenestegutten, samt budeer og innejenter» som marsjerte, «men ikke mange bønder».<sup>32</sup> Dette toget uttrykte på mange måtar den nye utanriksminister Halvdan Kohrt sitt syn på nasjonsbygginga: «kvar gong nye klassar slo seg fram i samfunnsarbeid, vart heile nasjonen vidare og rikare.»<sup>33</sup>

Var det så kriseforliket som «redda» norsk landbruk i mellomkrigstida? Problema i landbruket var langt på veg skapte her i landet, særleg av marknadsforholda og av parapolitikken, sjølv om desse faktorane vart forsterka av den internasjonale krisen og den store depresjonen etter 1929.

Dei internasjonale konjunkturane snudde i 1933, og verdshandelen tok seg opp att frå 1935.<sup>34</sup> Det var likevel ikkje eksportsektoren, men heimemarknaden som tok seg raskast opp. Oppgivinga av gullstandarden og devalueringa etter britisk mønster i 1931 førte til gradvis lågare realrente og betre konkurransevorne. Dermed tok industrisektoren seg opp, noe som skapte større etterspurnad, også for landbruksvarer. For landbruket isolert sett var alle tiltaka for å regulere marknaden med på å dempe produksjonspresset og styrkje lønnsomda. Men det var først med kriseforliket i 1935 at alle brikkene i det nye landbrukspolitiske systemet var på plass. Det kom eit samarbeidsklima inn i næringa, som gjorde sitt til at det vart optimisme i Bygde-Noreg dei neste fem åra.

Den store verkknaden av kriseforliket ligg i gjennombrøtet for trua på ein regulert landbruksøkonomi. Ved valet i 1936 var det først og fremst Arbeidarpartiet som tente på kompromisset og gjekk fram frå 40,1 til 42,5 prosent av røystene. Bondepartiet vart straffa for samarbeidet med sosialistane, særleg i innlandsfylka på Austlandet, og gjekk attende frå 23 til 18 mandat. Dei miste konservative bondeveljarar, som i tillegg kunne støtte seg på Natonens kritikk av samarbeidet. Høgre gjekk fram med seks mandat etter hard agitasjon i høgrepessa mot kriseforliket, mens Venstre tapte eitt mandat. Mowinkel kunne ikkje hauste røyster ved å halde stand mot utgiftspartia, slik han hadde vona. Vinnaren vart Nygaardsvold og Arbeidarpartiet, som med 70 av 150 mandat kunne søkje kompromiss med Bondepartiet og etter kvart også med Venstre.

«Plogturen jamner sig så jeg hører det endog midt på vinteren.»<sup>35</sup> Slik klaga generalsekretær Dietrichson i Bondelaget seg i brev til formann Mellbye i jula 1936 over den politiske utviklinga etter kriseforliket. Det vart stadig færre av dei «store muldets mænd», og Dietrichson måtte forferda sjå på at «halvsocialistene» flytta fram posisjonane sine, både i Bondelaget og i Bondepartiet. Forsøka frå Bondelaget på å kontrollere stortingssgruppa til Bondepartiet vart oppgitt. Først med den felles linjekomiteen av 1937 makta dei to organisasjonane å arbeide ut ei felles plattform att. Det som skulle sameine dei to, var jamstillingskravet, ført i pennen av Jon Leifall og formulert som krav i ei komiteinstilling av 1939.<sup>36</sup>

Kortleis gjekk det så med den nye landbrukspolitikken? På mange måtar førte regjeringsskiftet til ei opning av statsadministrasjonen for nye folkegrupper. Dei fleste statsrådene hadde ikkje høgare utdanning, nye grupper i by og land kjende no ein statsråd, og dørsloken til departementskontora vart lågare. Av og til kunne dei hjelpe, men som landbruksminister Ystgaard sa til ein delegasjon frå heimtrakterne: «de hørte kara, at æ vil, men departementet vil itj». Kvardagen i departementa innhenta også «socialistene». Og «halvsocialistene» i Bondepartiet fekk snart konkurranse i hestehandling med «liberalistane» i Venstre.

### Mentalt skifte og nye næringar

Det er lett gjort å gi kriseforliket og dei ulike gjeldsordningane i landbruket *for nye* av æra for den nye oppgongen i slutten av 1930-åra. Ikkje minst verka det positivt for landbruket at folk utanfor næringa kom i arbeid og dermed fekk råd til å kjøpe landbruksprodukt i staden for å klare seg på sjølvberging og eksistensminimum.

Dei berykrede 30-årene var en vekstperiode i Nordland [...]. På bygdene kunne en nå merke en tro på jordbruksnæringen som aldri før. En meget viktig årsak var at 30-årene var velisnget med så nye godvarer at ingen hadde opplevd maken.<sup>37</sup>

I 1930, 1933 og 1937 var det varme, men tørre somrar over heile landet. I Nordland var åra «1936, 1937, 1938 og 1939 meget gode år med langt over middels varme og gode avlinger.»<sup>38</sup> Både det politiske systemskiftet og dei mange gode somrane gjorde sitt til det skiftet i mentalitet som er så tydeleg i minnematerialet frå andre halvpårt av trettitalet. Men det var også eit materielt grunnlag for den nye optimismen.

Både bureisinga, dei nye smånærningane og den teknologiske utviklinga hadde nye å seia for veksten i landbruket. Dei nye smånærningane omfatta mellom anna gris og høner, ender og gjæser, kalkun og blakubar, kaninar og pelsdyr. Opplæringa ved Statens småbrukslærarskole på Sem i Asker løfta kunnskapsnivået og den faglege identiteten. På Sem vart det undervist i fjerde- og kannavl, ferskvassfiske, biavl og frukt- og grønnsakdyrking. Innlektar frå smånærningane var svært viktige på mange småbruk. Særleg voks den nye pelsdyrnærninga raskt. Det nye husdyret sølvreven vart tatt heim frå Canada i 1914, men det var først i 1920-åra at ein kan snakke om ei eiga næring. I 1926 fannst det berre 500 pelsdyrgardar i heile landet. Oppbyggingstida fram til 1930 var i hovudsak ein periode for livdyrsal. Norsk avl var basert på import av livdyr. Hausten 1930 var marknaden metta for livdyr, men næringa voks vidare på eksport av skinn. Verdsmarknaden for sølvrevskinn voks midt under den verste verdskrisen, frå 45 000 i 1929 til 160 000 i 1932. Av dette produserte Noreg om lag ein tredjedel.

Norsk Sølvrevavslag, seinare Norges Pelsdyravlslag, vart skipa i 1926 for å samordne utbodet av skinn. Men laget kunne ikkje hindre at avsetninga på verdsmarknaden og dermed prisane til produsent skifta nye. Mange åvara mot eit krakk, men gjennom 1930-åra vart pelsdyrhalvet ei viktig tilleggsnæring. Prisane var gode, i 1932 vart eit bra sølvrevskinn betalt med 130 kroner, og samla eksportverdi låg på mellom 8 og 9 millionar kroner. I 1939 var det 20 000 pelsdyrgardar i landet. Interessa vart